



312  
KS4/2016/

Direktoratet for mineralforvaltning  
med Bergmesteren for Svalbard

201307610-15  
201300551-13  
201300375-11  
201300373-13

Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Konsesjonsavd.  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 16.06.2016  
Vår ref: 16/00571-4  
Deres ref: 201307610-9,  
201300551-8, 201300375-8,

## Fråsegn til Høringsbrev - Modalenpakken - 8 småkraftverk i Modalen kommune i Hordaland

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

TELEFON +47 73 90 40 50  
E-POST mail@dirmin.no  
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883  
SWIFT DNBANOKK  
IBAN NO5376940505883  
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR  
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 31. mars 2016.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har et særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansaker.

### Om saka

NVE har starta si handsaming av åtte småkraftverk i Modalen kommune. Søknadane skal handsamast samla.

DMF kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar av konsekvensar for mineralførekomstar tidlegare i denne saka.

Dei føreslalte småkraftverkas innverknad på mineralske ressursar listast opp under:

- Nåmdalselva kraftwerk: 22 kv jordkabel verkar å vere lagt i randsona på ein lokalt viktig grusførekomst som er registrert i Noregs geologiske undersøking si grusdatabase ([http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Omrade\\_fakta.Main?p\\_spraak=N&p\\_objid=106825](http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta.Main?p_spraak=N&p_objid=106825)).
- Budal II kraftwerk: Vassvegen blir lagt over ein sand- og grusførekomst som i NGU si grusdatabase er definert som lite viktig. Veldig grovkorna og hardpakka massar tilseier at vidare drift er lite aktuelt. ([http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Omrade\\_fakta.Main?p\\_spraak=N&p\\_objid=106835](http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta.Main?p_spraak=N&p_objid=106835)).
- Kvernhusfossen kraftwerk: Det synast som om kraftstasjonen/enden på rørgata kjem i kontakt med ein sand- og grusførekomst som er definert som ein lite viktig byggjeråstoffressurs. Førekomsten er så godt som utdrive. ([http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Omrade\\_fakta.Main?p\\_spraak=N&p\\_objid=106841](http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta.Main?p_spraak=N&p_objid=106841)).
- Tverråni kraftwerk, Todeilselva kraftwerk, Seljedalselva kraftwerk, Bleidal selva kraftwerk og Almelidelva kraftwerk kjem ikkje i kontakt med kartfesta ressursar i NGUs databasar.



### **Uttale til saka**

Ut i frå det DMF kan sjå av NGUs databasar kjem ingen av tiltaka i konflikt med mineralressursar av regional eller nasjonal verdi.

Førekomsten som Nåmdalselva kraftverk kjem i berøring med må vurderast av lokal myndighet (ved Modalen kommune), då NGU vurderer førekomsten til å vere ein viktig ressurs til lokale føremål. No må det likevel seiast at den delen av førekomsten, som jordkabel kjem i berøring med, sannsynlegvis ikkje kjem til å vere aktuelt for uttak då området ligg like ved fylkesveg 345 og eksisterande bustader. Dei to førekomstane som er registrert som lite viktige vil det også være opp til lokale myndigheter å vurdere om kan byggjast ned.

DMF vil i denne samanhengen påpeke at mineralressursar er ein ikkje-fornybar ressurs og eventuelle interessekonfliktar med mineralressursar bør sjekkast ut tidleg i prosessen. DMF oppmodar difor om at mineralske ressursar blir vurdert i framtidige konsesjonssakar før konsesjonssakane sendes på høyring. Vi minner her om Forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover, vedlegg III punkt n, der omfattande bruk eller bandlegging av naturressursar kan føre med seg at tiltaket skal handsamas i tråd med forskrifter.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Vennlig helsing

Ine Cecilie Mork Olsen  
seniorrådgiver

Vegar Christoffersen Walsø  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Vegar Christoffersen Walsø*

Mottakere:

Norges vassdrags- og  
energidirektorat,  
Konsesjonsavd.

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til:

Modalen kommune

Postboks 44

5729 MODALEN